

**To mulege tilkomstveggar til fiskerikali i Kalvåg**

Åge Eikeland frå Svelgen, foreslår to alternativ til tilkomst til den nye fiskerikali på Kalvøya. Første alternativ er undersøisk tunnel frå Klampen, i nærleiken av sjukeheimen i Kalvåg, og til Totlandbygget på Kalvøya. Det andre alternativet er tunnel frå Buvika til Bontelabo, og veg derifrå til Kalvøya. – Slik slepp ein å rasere den tronge veggen mellom Buvika og Kalvøya, der husa står så tett opp mot veggen, seier Eikeland.

# Frå enkel badevik til fullblodsstrand

## ■ Sørstrand jaktar hovudsponsor

FLORØ: Større strand. Ny bålplass. Sjøtrapp og kaifront til småbåtar. No manglar berre mage-musklane og brunkremmen, så er du klar til sommaren på nye Sørstrand beach.

DAVID E. ANTONSEN  
david@firdaposten.no

For sørstrand folkepark og Terøy maskin AS er nemleg i ferde med å signere ein avtale om omfattande arbeid på det som har blitt Florø sin nye favorittbadestrand.

### Omfattande arbeid

For Sørstrand vart flittig brukt i sommarsesongen, i alle fall i den delen av sommaren då sola skine. Og alt tyder på at stranda skal bli enda oftare brukt etter at arbeidet som no blir sett i gang er ferdig. Då skal nemleg heile stranda takast: Sanden blir djupare, det blir ny kaifront i aust, ei trapp ned i sjøen, platting med sitjegrupper og ein heilt ny bålplass.

Hovuddelen av arbeidet blir å heve 700 kvadratmeter av stranda med 70 centimeter, og støtte opp under kantane ut mot sjøen med murar slik at sanden ikkje blir vaska vekk. Då slepp ein også å måtte fjerne tang som blir skylt inn på sanden når det bles.

– Oppstart av arbeidet blir etter planen i februar, avhengig av kva vinter vi får framover. Og avhengig av at vi kjem tidleg i gang skal arbeidet etter planen vere ferdig til sankthans.

Det seier dagleg leiar Thomas Terøy i Terøy maskin AS, som no har fått kontrakten på arbeidet.

### Trinn to av tre

Arbeidet som startar no i februar er trinn to av i alt tre trinn. Det siste, og førebels siste trinnet, blir å få på plass dei to bruenne frå fast-

### FOLKEPARKEN

■ Sørstrand folkepark vart opna i 2009, etter eit stort frivillig engasjement. I dag har Sørstrand folkepark 189 medlemmer. Februar byrjar trinn to av arbeidet, der stranda skal forbetrast og utvidast.

landet ut til dei små øyane i sør. Desse skal byggjast i tre.

– Og så snart vi har fått inn nok midlar, vil vi starte med trinn tre. Vi går i desse dagar ut med brev til alle bedriftene i Florø med forespurnad om medlemskap i folkeparken, og søkjer på ulike tilskot, seier Nygård og understrekar samstundes at materialvalet til bruenne vil bli grundig vurdert med tanke på pålemakk.

Under arbeidet som startar no, vil Terøy maskin planere ut ei volleyballbane i vest. Denne skal etter planen fullførast under trinn tre. Kor mykje kontrakten er verd vil ikkje Nygård ut med, men den skal ha ein samla verdi i overkant av ein million kroner. Ein stor del av pengane kjem frå Gjensidigestiftelsen, som gav folkeparken 800.000 kroner i støtte i fjor. I tillegg har fleire private verksemder støtta folkeparken økonomisk.

Men no når folkeparken blir arealmessig større, blir det også behov for meir vedlikehald.

– Vi er difor på jakt etter ein hovudsponsor som kan støtte oss økonomisk med tanke på det løpande vedlikehaldsarbeidet, seier Nygård.


### Populært tilbod

– Populariteten til folkeparken var veldig bra i fjor, når været tillét det. Målet med dette arbeidet vil no set i gang med, er få folk til å bruke parken dei dagane det ikkje er like fint vær også, seier Jan Henrik Nygård i Sørstrand folkepark og legg til:

– Arbeidet kjem også til å gjere stranda meir tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Vi legg opp til universell utforming heile vegen ut, seier han.

**«Målet er å få folk til å bruke parken dei dagane det ikkje er like fint vær også»**

Jan Henrik Nygård,  
Sørstrand folkepark



SKISSE: Planskisse trinn to, Sørstrand folkepark.



THE BEACH BOYS: Jan Henrik Nygård og Sørstrand folkepark og Thomas Terøy i Terøy Maskin AS.



FLERE?: Siv Merete Stadheim ventar seg endå fleire passasjerar i år med DAT-ruta som vert oppretta til Stavanger. Arkiv

## 165 000 over Florø lufthamn

FLORØ: Florø lufthamn sette rekord både for helikoptertrafikken og generelle passasjerartal i 2012.

DAG NESBØ FRØYEN  
dag@firdaposten.no

Avinorsjef Siv Merete Stadheim på lufthamna i Florø, hadde i går enno ikkje fått dei nøyaktige tala frå DAT. Ho er likevel temmeleg sikker på at trafikktala for 2011 kjem til å ende kring 165 000 passasjerar samla for både rute-

fly til Dat og helikoptertransporten til Nordsjøen. Då reknar ho med normale desembertal for Dette vil vere klar rekord for lufthamna sida det vart slutt på at transitpassasjerane vart rekna med i Widerøe-epoken.

### God utvikling

Helikoptertrafikken held fram den fine framgangen frå 2010 og enda nøyaktig på 44.242 passasjerar. Ein framgang på 4153 passasjerar eller 10,3 prosent.

Dei to helikoptera var og i drift

i 2010. God utnytting av ressursane, eit betre tilbod og samarbeid mellom Statoil og GDF Suez var årsak til at framgangen fortsette og vi fekk endå betre passasjerartal i fjor. Helikoptertrafikken er med på å gje gode passasjerartal for DAT konkluderer Stadheim.

For 2012 er det stor spenning til korleis den nye Stavangerruta til DAT vil påverke passasjeratala. Ruta skal starte opp allereie 16. januar.

## Vi spara på krona i desember

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane var blant dei i Norge som brukte minst under desemberhandelen, om ein reknar per innbyggjar. Det syner tal frå Statistisk sentralbyrå. Kvar og ein av oss brukte vel 8.700 kroner i desember. Berre Østfoldingane og Hedmarkingane brukte mindre. Den totale omsetninga i desember var på 946 millionar kroner. Det er nest lågast omsetning i landet, etter Finnmark.



## Ingen ønskjer å organisere 17. mai

Så langt har ingen meldt seg til å organisere og arrangere hovudarrangementet under 17. mai-feiringa i Florø sentrum. Det melder kulturretten i kommunen Og sjølv om fristen for å melde seg er farleg nær, er kultursjefen framleis optimist. – Vi håper at nokon melder seg innan fristen 6. januar, seier kultursjef Anita Solbakken.

# s strandanlegg



kin AS har skrive kontrakt på mellom anna bygging av kai og bål plass i folkeparken.

Foto: David E. Antonsen

## Jordskjelv rett utanfor Florø

FLORØ: Natt til laurdag opplevde fleire i Florø risting og eit høgt drønn. Dette var forårsaka av eit jordskjelv rett nordvest for Florø.

ANNE MARIT SELJESETH  
anne.marit.seljeseth@firdaposten.no

Kring 01.15 natt til nyttårsaftan kom dei første meldingane om at ein kjende risting og høyrde eit høgt drønn både i Flora, Bremanger og inn mot Naustdal.

Skjelvet målte 1,9 på jord-

skjelskalaen Richter og vert rekna som eit mikroskjelv, stort sett knapt merkbar. NORSAR som målar risting i jorda over heile verda registrerte hendinga klokka 01.16 lokal tid.

Seismolog Jan Fyen ved NORSAR opplyser at slike skjelv er vanlege i denne delen av landet.

– Slike skjelv oppstår ofte utanfor øyane vest av Florø, fortel Fyen. Jordskjelvet som råka natt til laurdag var ikkje ferdig analysert då Firdaposten snakka med Fyen, men så langt tyda det på at

skjelvet var oppe i 2,2 på Richters skala.

– Dette er eit lite skjelv, men såpass stort at dei fleste bør merke det, seier Fyen. Det største skjelvet som er målt utanfor Florø hadde ein magnitude på 4,1. Dette var i 1982.

Det har blitt målt ein god del skjelv i Norge og Skandinavia den siste veka, men Fyen opplyser at skjelva oppstår tilfeldig og det er ikkje grunn til å uroe seg. – Det er ganske vanleg avsluttar han.



OPPMUNTRING: Tidlegare ordførar i Flora, Bente Frøyen Steindal tapte valet, men fekk ei oppmuntring inn i det nye året. Arkivfoto: Dag Nesbø Frøyen

## Flora nest best på openheit i fylket

FLORØ: Tidlegare ordførar Bente Frøyen Steindal får seg ei lita oppmuntring og stjerner i marginen i openheitskonkurransen til Norsk Presseforbund.

OLAV HATLEMARK  
olav@firdaposten.no

Steindal måtte tole mykje kritikk for å ha slurva med formalitetar kring eit bestemt lukka møte om tidlegare rådmann Fredrik Gulbranson si behandling av kommunens kontrollutval for eit par år sidan. Ei sak som påverka omdømmet både til kystbyen og Steindal i førre bystyreperiode.

### Gloppen best

Med 14 poeng til Florø er det berre Gloppen med 15 som scorar høgare blant kommunane her i fylket på openheitsindeksen til Norsk Presseforbund.

Undersøkinga vart laga før kommunevalet i haust og har såleis ikkje fanga opp eventuelle politiske endringar.

Her i fylket enda Førde kommune midt på treet med 12 poeng. Derimot kan Bremanger-ordførar Karl Vidar Førde gjere lurt i å starte kampen for eit betre omdømme med å lese rapporten til Norsk Presseforbund. For Bremanger ligg ille an med berre sju poeng skal vi tru lista.

I nyttårsintervjuet med Firdaposten, heldt Førde fram nettopp det å bygge eit betre omdømme som ei av sakene han skal jobbe med i 2012. Berre Sogndal kommune kjem verre ut her i fylket med seks poeng. Men heller ikkje Naustdal, med sine ni poeng, eller Gaular (8 poeng), og Vågøy (8 poeng) har mykje å skryte av, når det gjeld kor enkelt det er for publikum eller presse å få innsyn i det kommunane driv med.

Best av norske kommunar var Kongsvinger og Porsgrunn, begge med 17 av 18 poeng. Rapporten konkluderer generelt med at det er minst openheit i mindre kommunar. Likevel kjem Sogn og Fjordane ut som nest beste fylke.

### Opne møte?

Rapporten vurderer mellom anna om postjournal er tilgjengeleg på heimesidene til kommunen?, Kan brev til kommunen lastast ned frå nettet? Er møta til kontrollutval og kommunale foretak opne? Er rettane til tilsette til å ytre seg kritisk med i regelverket til kommunane? Kor lang tid tek det før kommunen svarer på krav om innsyn frå publikum?

– Kommunane går i rett retning seier May Britt Nordli direktør i KS, til nettutgåva til Kommunale Rapport Ho understrekar at KS er for mest muleg openheit.

3790,-\*

Skifte av skiver og klossar framme

\*Priseks. gjeld Volkswagen Golf 1,6 bensin, 2005-modell



Volkswagen Service



Berge & Co AS

Førde 24 03 18 00 – Flora 57 74 22 40 – Sogndal 57 67 57 00  
Slysn 57 87 26 00 – Måløy 57 84 80 08